

Flott påskenummer av Uskedalsposten...

21.03.2009



The image shows the front cover of the Uskedalsposten magazine for Easter 2009. The title "USKEDALSPOSTEN" is prominently displayed in large, yellow, stylized letters. Above the title is a small photograph of a mountain peak. Below the title, the text "Påska 2009", "5. årgang", and "Laussal kr. 40,-" are visible. The main headline "Nostalgi i Halsabrotet" is written in a large, elegant script font over a photograph of a dark-colored vintage car parked in front of a wooden building. Below the headline, a caption reads: "Einar Gjertsen eig over 30 gamle bilar. Her er A-Forden hans i Halsabrotet. Side 20-24". To the left of the main article, there are two smaller columns of text: "Jørn Øyre hagen Sunde skriv om Steinalderen i Uskedalen. Side 4-9" and "Vår kjære nabobygd. Side 10-11". To the right, there are two more columns: "Han lagar reklameskilt for kvinnheringane. Side 31-32" and "Krigshandlingane sett frå Skorpo. Side 13-15". At the bottom of the cover, there is a graphic featuring two cartoon chicks and the text "God Påske".

Påskenummeret av Uskedalsposten er nett kome i salg. Etter at eg har fått det i hende, og så vidt hatt tid

til å bla raskt gjennom det, kan eg trygt slå fast: dette er ein god oppfølgjar av dei populære nummera av Uskedalsposten som har kome ut tidlegare.

Dei 36 sidene er tettpakka med interessant stoff som ein får lyst til å lesa og kosa seg med. Redaktør Ola Matti Mathiesen har m.a. snakka med bygda syn store bilentusiast Einar Gjertsen, og gjennom tekst og mange bilde får vi innblikk i den rike bilhistoria han sit inne med samstundes som vi får sjå ein del av den store bilparken hans. Ragna Langballe Hjelmeland deler krigsminne frå Skorpo. Svært interessant er det å ta del i korleis Skorpefolket opplevde krigshandlingane våren 1940.

Utflytt uskedeling, Jørn Øyrehegen Sunde, har kalla sitt velskrivne bidrag 'Steinalderen i Uskedalen – ei sjølvopplevd forhistorie'. Her tar han for seg utviklinga i bygda krydra med sjølvopplevd hendingar samstundes som han freistar å finna svar på spørsmålet om når vart Uskedalen ei bygd.

I påskenummeret høyrer og ord for den føreståande høgtida med. Kyrkjeverje Arne Lindeklev er mannen bak det bidraget.

Elles er det godt stoff om nabobygda vår Herøysundet, om den einaste konkurrancesymjaren i bygda og om Kvinnherad Byggutvikling AS med base på Børnes, og som dermed er med og skaper positiv aktivitet der.

Tormod Myklebust presenterer 'Mannslaget Fast Grunn', Torfinn Myklebust gjer oss betre kjent med initiativsrike og kreative Gianni Rebaudo medan dei unge journalistane Rebecca H. Hauge og Amalie H. Røstbø har vore på skulen og snakka med Janusz og Luiza som opphaveleg kjem frå Polen. Dei har også påkestoff og stemningsrapport frå skuletur til Fjellhaugen.

Sistesida er også denne gangen pryda med eit vakkert dikt av Olaf A. Gausvik. 'Daltrekk og Draum' heiter det. Populære og kjærkomme Uskedalsposten er no i sin femte årgang. Ola Matti Mathisen, Tore og Britt Torill Mathiesen har heile tida stått i spissen for prosjektet. Dei gjer ein imponerande innsats. Denne gongen har dei med seg fire flinke unge journalistar. Det er Lars og Eirik Fausk, Rebecca H. Hauge og Amalie H. Røstbø. Uskedalsposten er i salg på følgjande stader: Spar Uskedalen, Gro`s Blomster, YX-stasjonen og Lise`s Krambu i Uskedalen. Frå mandag vert den og å få kjøpt på Joker, Herøysundet. Vi sier berre: LØP OG KJØP!

Av: Thor Inge Døssland